



## Tokke kommune

### Plan, næring og teknisk etat

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

Dykkar ref: «REF»      Vår ref: 2021/285-4      Saksbeh: Gunhild Austjord,35075241      Arkivkode: L13      Dato: 29.01.2021

### Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Bakken aust, Høydalsmo

Med heimel Plan- og bygningslova §12-8 blir det med dette varsla oppstart av arbeid med reguleringsplan for del av Høydalsmo sentrum, - Bakken aust, plan-ID 2021/0001. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for nye, sentrumsnære bustadtomter i Høydalsmo. Planområdet er synt på vedlagt kart med avgrensing, og utgjør omlag 50 daa. Tokke kommune har nyleg kjøpt arealet.

Gjeldande reguleringsplan er frå 1997 og inneheld m.a. ny trasè for fv 450 gjennom planområdet, samt bustadtomter og landbruksområde. Kartløyising med reguleringsplan finn du her:

<https://kommunekart.com/klient/tokke?urlid=450e2b5e-5811-41f0-84e4-e3a048c52097>

I ny plan skal det leggjast til rette for tilkomstveggar, ny arrondering av tidlegare regulerte bustadtomter, og nokre nye bustadareal om mogleg. Tokke kommune tek sikte på å omregulere trasèen for framtidig Fv 450 til tilkomstveg m.m. Målet er å få etablert 10 – 15 bustadtomter i området. Tilkomst til området vil vere via eksisterande avkøyring og kommunal veg til Kvildebakk. Bustadtomter vil i nord vere avgrensa mot støysoner til E134, dvs hovuddelen av tomtene vil ligge i vestre og søndre del av planområdet. Feltet er tenkt knytt til sti-/ løypenett og med tilkomst for mjuke trafikantar til skule m.m. via eksisterande gang- og sykkelveg. Planlegging/ prosjektering av tekniske anlegg med veg, vatn og avlaup, blir jobba med parallelt, og gatenamn leggjast fram som ein del av planen. Framlegg til ny reguleringsplan kjem truleg til politisk handsaming i april-mai, før den blir lagt ut på høyring/ offentleg ettersyn. Målet er at reguleringsplanen kan vedtakast sommaren 2021.

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til kommunalsjef for Plan, næring og teknisk Gunhild Austjord, tlf. 350 75 200.

Innspeil til planarbeidet skal sendast [postmottak@tokke.kommune.no](mailto:postmottak@tokke.kommune.no) innan 3. mars 2021.

Med helsing

Gunhild Austjord  
Kommunalsjef for plan, næring og teknisk

Vedlegg:

- 1 Planavgrensing ortofoto 290121 - Bakken aust, Høydalsmo
- 2 Avgrensing av planområdet AR5 290121 - Bakken aust, Høydalsmo

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*